

Gjev kvarandre motivasjon

Då Eli-Karin Yndestad frå EKY Kompetanse i fjor haust drog i gang nettverk for gründerar og leiarar, var fotograf Turid Soldal den første som ringde.

– Når du jobbar for deg sjølv, har du ikkje nokon å rådføra deg med, og du kjenner deg litt åleine. Det var veldig greitt å få eit samlingspunkt, der ein kunne koma i kontakt med andre som driv for seg sjølv, seier Turid Soldal i Studio Soldal.

Fokustid

I nettverksmøta er det først ei læringsøkt, med føredrag om tema som marknadsføring, drift av pc og kommunikasjon. Deretter er det fokustid, der den einskilde kan ta opp problemstillingar i smågrupper. Til sist er det tid for sosialt samver.

– Fokustida har eg hatt mykje nytte av. Dei andre ser ting frå ein annan ståstad, og klarar å utfordra meg til å finna løysingar, seier Turid Soldal.

Gulla Solstad i Rosenvoss har også vore med sidan starten, og fått mykje inspirasjon og praktiske råd i tillegg til eit større kontaktnett.

– Då eg skulle ha nettside, kasta eg det fram i fokusgruppa, og fekk så mange tilbakemeldingar og innspel at eg gjekk rett heim og sette i gang. Eg fekk råd om kven eg skulle kontakta, søkjeord og utforming, og det verka rett og slett som eit spark bak slik at du vert skikkeleg motivert og set i gang med ting, seier Gulla Solstad.

Støtte i startfase

Jill Garen, eigar og dagleg leiar i Voss Fjellandsby Skiskule, har hatt stor nytte av nettverket.

– Det skal veldig mykje til for at eg ikkje går på møte, for det er så gjevande, seier Jill Garen. Eit konkret døme på god drahjelp, er rådet frå Cecilie Ukvitne, som i eit nettverksføredrag sa «Ta dere betalt, jenter».

– Då eg eit par dagar seinare skulle inngå ei større kontrakt, hadde eg dette i bakhovudet, og kontrakten gjekk gjennom heilt strøkent. Me kvinner har nok ein tendens til å vera snille og forsiktige, men det er nyttig å pusha kvarandre til å våga å tenkja litt stort, seier Garen.

– Både å ta betalt og å ta kontakt, kan vera vanskeleg i startfasen. Då er det godt å vita at ein har mange i ryggen, seier Turid Soldal.

– Eg er skikkeleg gira etter kvart møte, og har berre lyst å gå rett heim og kladde ned nye idear, seier Soldal og ler.

Nettverket for gründerar og leiarar har løpet av det første året kome



RYGGDEKNING: – Både å ta betalt og å ta kontakt, kan vera vanskeleg i startfasen. Då er det godt å vita at ein har mange i ryggen, seier Turid Soldal.

opp i over 40 deltakarar. Dei kjem frå Voss, Eidfjord, Aurland og Vaksdal.

At det berre er kvinner i nettverket, ser dei eigentleg som ein fordel i denne fasen.

– Me byggjer opp noko for kvinner, og så kan me heller be menn inn. Ofte er det slik at kvinner vert bedne inn på menn sin arena, og då er spelereglane lagt, seier Yndestad.

Om skilnaden på menn og kvinner som bedriftsetablerarar og –leiarar, meiner Turid Soldal det mest handlar om sjølvtilit.

– Eg må sjå om ting fungerer, før eg viser det til andre, seier Soldal.

– Når menn etablerer noko, tenker dei større og vågar å satsa. Kvinner er meir forsiktige, og tek litt og litt, seier Garen.

Fag og fellesskap

Faglege innspel er nyttig. Det same er eit utvida nettverk av personar i same situasjon. På samlingane er det korte bedriftspresentasjonar, noko som gjer at dei vert kjende



FELLES: Samlingane i nettverket har høg prioritet. Framme til venstre står fotograf Turid Soldal, og vidare i retning med klokka: rosenterapeut Gulla Solstad, skiinstruktør Jill Garen og organisasjonskonsulent Eli-Karin Yndestad.

med kvarandre sine firma, og dermed får dei også fleire kundar. Presentasjonen er også ei praktisk øving i marknadsføring.

Garen, Soldal og Solstad prøvde

seg så vidt med felles pakketilbod om skitimar, familiefotografering og til slutt rosenterapi, men oppsummerer lattermildt at dette nok er ein ide dei må jobba meir med

før dei lanserer den på ny. Uansett, dei vågar å prøva noko nytt, mykje fordi dei står sterkare når dei har støtte hjå kvarandre.

Lærer av kvarandre

Møta er på kveldstid, den første måndagen kvar månad. For å sikra at nettverket skal fungera effektivt, er det ein fast struktur på møta. Til læringsøkta nyttar dei kompetansen til deltakarar i nettverket, eller dei hentar inn gjesteforelesarar. 1.september kjem Eva Bjørnstad og fortel om korleis ho starta verksemd då ho var 47. I dag er ho 72 år, har stor stab og millionomsætning.

Nettverket har plass til fleire etablerarar og leiarar, og dagens medlemmer lovar at det skal vera enkelt å koma inn som ny. I haust skal samlingane har særleg fokus på forretningsutvikling og styrearbeid.

ANNE RIVENES | tekst
VIDAR HERRE | foto
redaksjon@avisa-hordaland.no

Mykje rart å finna i Vosso

VOSS: Sjølv om Vosso er lita for tida, er det mykje som skjuler seg nede i elva.

Dei siste dagane har Geir Morten Lund Græe, Torjus Akselberg og Magnus Bøyum Ulvund hatt det moro med å dukka i elva. Og dei har funne litt av kvart.

– Ein godt brukande sykkel (bortsett frå ei rusta kjede!), eit trafikk-

skilt, eit modem og ein sparkesykkel, er noko av det me har funne, fortel dei badeglade 12-åringane frå Gjernes.

– Eit informasjonsskilt om Prestegardsmoen ligg også ute i elva, men me har ikkje fått det opp, fortel gutane som stortrivst i det våte elementet.



FRÅ ELVA: Ein sykkel som har vore bra før han vart kasta i elva og meir til har Geir Morten Lund Græe (t.v.) og Torjus Mjelde Akselberg funne i Vosso.
FOTO: GEIR GEITLE

Får dela frå på Stronde

VOSS: Administrasjonen sa nei, men eit samla formannskap sa ja. Dermed får Leif Sleen og Dagny Ølmheim frådela eit 1,7 dekar stort areal frå gnr/bnr 331/2 på Sleen til bustadføremaal. Som særleg grunn til dispensasjon frå kommuneplanen peikar formannskapet på at frådelinga er naudsynt for gardsdrifta, då dei ynskjer byggja nytt våningshus på den frådelte tomta.